



# Haugaland brann og redning iks

## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Styre 24/011	Dato:	15.03.2024

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 21.03.2024 vedtak

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL - STYREMØTE 29.02.2024

### HANDSAMING:

#### Tilråding frå brannsjef

- Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 29.02.2024 som framlagt.

### SAKSOPPLYSNINGAR:

Saker som er handsama i styremøte 29.02.2024:

Sak nr	Tittel	Sakshandsaming
24/001	Godkjenning av innkalling og sakliste	Vedtak
24/002	Godkjenning av protokoll av 13.12.2023	Vedtak
24/003	Rekneskap 2023 - førstegongshandsaming	Drøfting
24/004	Årsmelding 2023 - førstegongshandsaming	Drøfting
24/005	Rapport - Økonomisk analyse	Drøfting
24/006	Rapport - Kurs- og kompetansesenter	Drøfting
24/007	Finansiering av kjøretøy for sjølvkostområdet	Vedtak
24/008	Orienteringssaker <ul style="list-style-type: none"><li>Status HMS for perioden 01.01.2024 til 20.02.2024</li><li>Utrykningar 01.01.2024 til 19.02.2024</li><li>Brannstasjonar</li><li>Eigarseminar</li></ul>	Orientering
24/009	Eventuelt <ol style="list-style-type: none"><li>Instruks for styret og instruks for klagenemnd, uttale frå jurist</li><li>Trimrom ved Akسدal brannstasjon – ny informasjon</li></ol>	

### VURDERINGAR:

-

Haugesund, 13.03.2024

Dag Botnen  
Brannsjef

Vedlegg: 1. Protokoll etter styremøte 29.02.2024.



# Haugaland brann og redning iks

## MØTEPROTOKOLL

### Styret for Haugaland brann og redning iks

**Møtestad:** Diktervegen 8, Haugesund  
**Møtedato:** 29.02.2024  
**Tid:** 10<sup>00</sup>-13<sup>00</sup>  
**Saker:** 24/001-24/009

**Til stades:** Elling Hetland, styreleiar  
Leif Malvin Knutsen, nestleiar  
Heidi Synnøve Nymann, medlem  
Leon Dale, medlem  
Thor Arne Larsen, medlem  
Anne Kristin Helgeland, fast varamedlem  
Karl Otto Endresen, medlem

**Forfall:** Håkon Winterseth, medlem  
Kristin Helle, medlem

**Andre:** Dag Botnen, dagleg leiar  
Moren Svandal, områdeleiar (sak 24/005 – økonomisk analyse)

**Diverse merknader:** -

**Underskrifter:**  
**Stad:** Haugesund  
**Dato:** 29.02.2024

---

Elling Hetland  
styreleiar

---

Leif Malvin Knutsen  
nestleiar

---

Heidi Synnøve Nymann  
medlem

---

Thor Arne Larsen  
medlem

---

Leon Dale  
medlem

---

Karl Otto Endresen  
medlem

---

Anne Kristin Helgeland  
fast varamedlem

**Møteprotokoll er sendt til:**

- eigarkommunar
- revisjon/KPMG
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

## SAKSOVERSIKT

Sak nr	Tittel	Sakshandsaming
24/001	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
24/002	Godkjenning av protokoll av 13.12.2023	Vedtak
24/003	Rekneskap 2023 - førstegongshandsaming	Drøfting
24/004	Årsmelding 2023 - førstegongshandsaming	Drøfting
24/005	Rapport - Økonomisk analyse	Drøfting
24/006	Rapport - Kurs- og kompetansesenter	Drøfting
24/007	Finansiering av kjøretøy for sjølvkostområdet	Vedtak
24/008	Orienteringssaker	Orientering
	- Status HMS for perioden 01.01.2024 til 20.02.2024	
	- Utrykningar 01.01.2024 til 19.02.2024	
	- Brannstasjonar	
24/009	Eventuelt	
	3. Instruks for styret og instruks for klagenemnd, uttale frå jurist	
	4. Trimrom ved Aksdal brannstasjon – ny informasjon	

## SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

### **24/001 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

#### Sakshandsaming i styret 29.2.2024

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

### **24/002 Godkjenning av protokoll 13.12.2023**

#### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 13.12.2023 som framlagt.

#### Sakshandsaming i styret 29.2.2024

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 13.12.2023 som framlagt.

### **24/003 Rekneskap 2023 - førstegongshandsaming**

#### Tilråding frå brannsjef

-

#### Sakshandsaming i styret 29.2.2024

Dagleg leiar presenterte rekneskapet slik det er per i dag med fokus på utrekning av kostnad ved Suldal kommune sin uttrede samt disponering av innbetalingar frå eigarkommunane vedr. lån selskapet har gjort på vegne av eigarane.

Styret ber dagleg leiar om å drøfte med revisor korleis ein på best mogleg vis skal forvalte innbetalingane frå eigarkommunane der ein vurderer nedbetaling opp mot plassering av midlar på høgrentekonto. Formålet er å auke evna til framtidige investeringar på ein god måte.

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

Saka er lagt fram for førstegongshandsaming og styret fattar derfor ikkje vedtak.

**Tilråding frå brannsjef**

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek årsmeldinga slik den er framlagt. Årsmeldinga vert sendt til eigarkommunane til orientering.

**Sakshandsaming i styret 29.2.2024**

Styret ber om justeringar for:

- Graf 2, kapittel 2.4: det vert lagt til forklarande tekst til søylene.
- Kapittel 5: det vert lagt til eit nytt underkapittel for selskapet sitt arbeid med berekraft.
- Kapittel 5.6: sjukefråver 4. kvartal vert lagt inn når informasjonen er tilgjengeleg.
- Kapittel 6: det vert lagt inn namn på styremedlem + deltakarar (funksjonar) for representantskap.
- Kapittel 1.1 og 5.2: det skal vera samsvar mellom organisasjonskarta. Legg inn tekst som viser at kartet er laga for 1.1. (eller 31.12.).
- Kapittel 7: rekneskapstal vert lagt inn når desse er klar.

Årsmeldinga vert lagt fram for endeleg handsaming i styret 21.03.2024.

**Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks**

Saka er lagt fram for førstegongshandsaming og styret fattar derfor ikkje vedtak.

**Brannsjefen sin tilråding**

1. Styret for Haugaland brann- og redning iks vedtek rapporten slik den er lagt fram og ber brannsjefen om å ha denne som grunnlag for saka om innsparings- og effektiviseringsprogram som vert lagt fram for representantskap i møte 19.04.2024.

**Sakshandsaming i styret 29.2.2024**

Rapport – økonomisk analyse vart lagt fram av Morten Svandal.

Styret ber om at rapporten omtalar «skjulte kostnader» og seier kva dette kan ha av betydning for dei funn som er gjort. Vidare bør det synleggjerast kva kostnadsbiletet hadde vore om aktivitetar som ikkje er gjennomført, faktisk hadde blitt utført.

Når Kostra-tal er tilgjengeleg i medio mars, må desse innarbeidast i det dokumentet som vert lagt fram for eigarane 19.04.2024.

**Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks**

1. Styret for Haugaland brann- og redning iks vedtek rapporten slik den er lagt fram og ber brannsjefen om å ha denne som grunnlag for saka om innsparings- og effektiviseringsprogram som vert lagt fram for representantskap i møte 19.04.2024.

**Tilråding frå brannsjef**

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek å starte opp eit kurs- og kompetansesenter med utgangspunkt rapport av 20.02.2024 med følgjande føringar:
  - a. Det vert etablert eit organisatorisk kurs- og kompetansesenter ved ny hovudbrannstasjon.
  - b. Det vert tilsett ein heil stilling for å bygge opp og koordinere avdelinga.
  - c. Det vert tilført kr 500 000 i oppstartsmidlar for å etablere instruktørpool, kjøpe inn materiell m.m.
  - d. Ut frå forslag til satsingsområde vert det etablert avtalar med samarbeidsaktørar.
  - e. Det skal parallelt med etableringa utviklast rutinar som sikrar habilitet, fråvær av kryss-subsidiering, ivaretaking av lovpålagte vs sal av tenester m.m.

**Sakshandsaming i styret 29.02.2024**

Styret sluttar seg til framlegg til vedtak. Oppstartsmidlar må innarbeidast i revidert budsjett som vert lagt fram for representantskapet 19.04.2024.

### **Vedtak i styret**

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek å starte opp eit kurs- og kompetansesenter med utgangspunkt rapport av 20.02.2024 med følgjande føringar:
  - a. Det vert etablert eit organisatorisk kurs- og kompetansesenter ved ny hovudbrannstasjon.
  - b. Det vert tilsett ein heil stilling for å bygge opp og koordinere avdelinga.
  - c. Det vert tilført kr 500 000 i oppstartsmidlar for å etablere instruktørpool, kjøpe inn materiell m.m.
  - d. Ut frå forslag til satsingsområde vert det etablert avtalar med samarbeidsaktørar.
  - e. Det skal parallelt med etableringa utviklast rutinar som sikrar habilitet, fråvær av kryss-subsidiering, ivaretaking av lovpålagte vs sal av tenester m.m.

## **24/007 Finansiering av køyretøy for sjølvkostområdet**

### **Tilråding frå brannsjef**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks innarbeider framlegg til finansiering av køyretøy på sjølvkostområdet i revidert økonomi- og handlingsplan som vert lagt fram for representantskapet 19.04.2024.

### **Sakshandsaming i styret 29.02.2024**

Styret sluttar seg til framlegg til vedtak.

### **Vedtak i styret**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks innarbeider framlegg til finansiering av køyretøy på sjølvkostområdet i revidert økonomi- og handlingsplan som vert lagt fram for representantskapet 19.04.2024.

## **24/008 Orienteringssaker**

### **Tilråding frå brannsjef**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saka til orientering.

### **Sakshandsaming i styret 29.02.2024**

Styret sluttar seg til framlegg til vedtak.

### **Vedtak i styret**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saka til orientering.

## **24/009 Eventuelt**

Det er meldt inn to saker under eventuelt:

1. Instruks for styret og instruks for klagenemnd, uttale frå jurist
2. Trimrom ved Aksdal brannstasjon – ny informasjon

### **Sakshandsaming i styret 29.02.2024**

1. Instruks for styret og instruks for klagenemnd, uttale frå jurist.

Styret vurderer at endringane er av eit omfang som ikkje gjer det nødvendig å handsame instruksane på ny. Instruksane vert lagt fram for representantskapet 19.04.2024.

2. Trimrom ved Aksdal brannstasjon – ny informasjon

Sak 23/062 vart handsama i styret 10.12.2023. Det er i ettertid kome inn ny informasjon som kan påverke det vedtak som er fatta. Informasjon er:

1. Tysvær kommune viser til treningsfasilitetar på Tysværtunet som tilsette kan nytta kostnadsfritt og at det dermed er eit kostnadsbilete som er endra i sak 23/062.

2. Hovudverneombod har sendt eit eige skriv direkte til styret og peikar på fleire nye argument for å etablere ny brannstasjon med treningsrom.

Ut frå denne informasjonen har brannsjefen bedt administrasjonen om ei vurdering av fasilitetane. Basert på denne informasjonen vil brannsjefen vurdere:

- a. innfrir løysinga arbeidsgjevar si plikt etter SFS2404, og i så fall
- b. kva krav må eventuelt liggja til grunn for ein avtale med Tysvær kommune?

Vurdering av fasilitetane var det ikkje kapasitet til å vurdere før styremøte, og saka må løftast inn på nytt når alle faktagrunnlag er tilgjengeleg. Basert på dette vil styret vurdere om ny informasjon endrar det standpunkt som er gjort i sak 23/062.

Om dette påverkar framdrifta for etablering av brannstasjonen, vil styret kunne halde eit ekstraordinært møte for raskt å fatte nødvendige vedtak.

Styret ber også dagleg leiar sjå på moglegheiter for andre nedtrekk i ramma for å kompensere for treningsfasilitetar på stasjonen.

Til sist peikar styret på at dette handlar om meir enn byggekostnadar. Det er også ein langsiktig god økonomi i å gjennomføre tiltak som gjer til at dei tilsette kan stå lengre i sitt arbeid, ref. kostnadar med å innfri forskriftskrav til utdanning av brannfolk og andre nødvendige kompetansehevande tiltak for nye tilsette.